STiV
STUDENTTINGET I VOLDA

INNKALLING TIL STUDENTTINGSMØTE

6/17-18

Onsdag 21. mars 2018
Møterom Kaarstad 202
Kl 16.30-19.30

Matservering kl 16.30
Møtestart kl 17.00

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Studenttingsmøte 21.03.18

Sak 00 – 17/18: Opprop og val av møteleiing 3

Sak 48 – 17/18: Godkjenning av innkalling og saksliste 4

Sak 49 – 17/18: Godkjenning av referat 5

Sak 50 – 17/18: Orienteringar 6

Sak 51 – 17/18: Revidering av vedtektene til Pris for Internasjonalisering 7

Sak 52 – 17/18: Omval, studentrepresentant frå SiVolda til juryen for studentprisen 2018 8

Sak 53 – 17/18: Namneendring, Studenttinget 9

Sak 54 – 17/18: Strategiplan for Studenttinget 2018-2022 11

Sak 55 – 17/18: Årleg arbeidsprogram for Studenttinget 2018-2019 12

Sak 56 – 17/18: Resolusjon – Utdanning er ikke en vare, men en rettighet 13

Sak 57 – 17/18: Eventuelt 16

Møtekritikk 17

Oversikt over vedlegg 18

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Sak 00 – 17/18: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Håvard Bjørnerem

Namneopprop

STiV får oversikt over deltakarar på møtet og fastslår om Studenttinget er vedtaksdyktig.

Val av møteleiing

Forslag til vedtak: Tonje Nordrum vert vald til ordstyrar.

Marit Aklestad og Serghei Levcenco vert valde til teljekorps.

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Sak 48 – 17/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

Eventuelle innvendingar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studenttinget godkjenner møteinnkalling og saksliste med fylgjande forslag til dagsorden:

	Dagsorden for studenttingmøte 28.02.18	
17.00	Sak 00 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
	Sak 48 – Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedtakssak
	Sak 49 – Godkjenning av referat	Vedtakssak
17.10	Sak 50 – Orienteringar	Orientering
17.15	Sak 51 – Revidering av vedtektene til Pris for internasjonalisering	Vedtakssak
17.25	Sak 52 – Omval, studentrepresentant frå SiVolda til juryen for studentprisen 2018	Vedtakssak
17.30	Sak 53 – Namneendring, Studenttinget i Volda	Vedtakssak
18.00	Pause	
18.10	Sak 54 – Strategiplan for Studenttinget 2018-2022	Vedtakssak
18.30	Sak 55 – Årleg arbeidsprogram for Studenttinget 2018-2019	Vedtakssak
18.40	Sak 56 – Resolusjon: utdanning er ikke en vare	Vedtakssak
19.00	Sak 57 – Eventuelt	
19.10	Møtekritikk	
19.20	Møteslutt	

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Sak 49 – 17/18: Godkjenning av referat

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Vedlegg nr 1 Referat frå studenttingsmøte 28.02.18 (uprenta)

Forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner referatet frå sist studenttingsmøte, 28. februar 2018.

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Sak 50 – 17/18: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Arbeidsutvalet v/ nestleiar Oda Næs Skoglund vil orientere om fylgjande:

- SHoT-undersøkinga: Studentenes helse- og trivselsundersøkelse.
- Miljøfyrtårn. Arbeidsgruppe arbeider no med prioriterte tiltak for 2018/2019.
- Val av nytt AU, studenttingsmøte 24. april
- Invitasjon til årsmøte i SAIH 28.-29. april 2018 i Oslo. Meir info her: http://saih.no/årsmøte-2018
- Nokut – oppfølging av Studiebarometeret 2017

Sak 51 – 17/18: Revidering av vedtektene til Pris for Internasjonalisering

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

I arbeidet med utdeling av årets Pris for internasjonalisering, såg arbeidsutvalet behov for ei oppdatering og justering av vedtektene til Prisen. AU har difor utarbeidd forslag til reviderte vedtekter.

Vedlegg nr. 2: Gjeldande vedtekter Pris for internasjonalisering og forslag til reviderte vedtekter

Forslag til vedtak:

Studenttinget godkjenner framlagt forslag til reviderte vedtekter for Pris for internasjonalisering.

Sak 52 – 17/18: Omval, studentrepresentant frå SiVolda til juryen for studentprisen 2018

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Studenttinget valde på førre studenttingsmøte Tormod Smedsvig som studentrepresentant frå styret i Studentsamskipnaden i Volda til juryen for studentprisen 2018 . Tormod Smedsvig har meldt tilbake at han ikkje ynskjer dette vervet.

I fylgje vedtektene til Studentprisen, § 8, skal juryen vere samansett på fylgjande måte:

- Leiar i Studenttinget
- Ein representant frå rektoratet ved HVO
- Studiedirektør ved HVO
- Ass. Direktør ved SiVolda
- Studentrepresentant frå styret i Volda, oppnemnt av Studenttinget.

Fylgjande personar er studentrepresentantar og varer i styret i SiVolda, og såleis valbare: Tormod Daae Smedsvig, Karoline Strand, Svend Andreas Aspaas, David Fiskaa, Pernille Røe og Håvard Bjørnerem.

Forslag til vedtak: Studenttinget vel ein ny representant ved urneval.

Sak 53 – 17/18: Namneendring, Studenttinget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

I lengre tid har det vist seg at svært få studenter vet hva STiV er og hva vi driver med. En eventuell navneendring kan hjelpe studentdemokratiet til å nå studenter raskere og bedre studentenes kunnskap om hva studentdemokriet går ut på. Det har vist seg at spesielt forkortelsen STiV har vært et problem, og at studentdemokratiet burde ha et navn som i større grad er selvforklarende. Det er også viktig å poengtere at mot internasjonale studenter heter studenttinget The Student Parliament at Volda University College. Hele merkevaren til studentdemokratiet i volda kunne trengt et løft, og en navneendring kunne gitt mange muligheter til å fornye og forbedre studentdemokratiet i Volda.

Forslag til navn som er kommet inn er:

1. Volda studentparlament
2. Studentparlamentet i Volda
3. Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda
4. Studenttinget i Volda

AU sitt forslag til vedtak: Studenttinget i Volda endrar namn til «Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda». Kortform: «Studentparlamentet».

Bakgrunnsinformasjon
Oversikt over namn på studentdemokratia ved andre høgskular og universitet i Noreg.

Høgskular:

- Studenttinget på vestlandet (STVL)
- Studentorganisasjonen i Innlandet (StInn)
- Studentparlamentet ved Høgskolen i Østfold
- Studenttinget i Molde
- Studentdemokratiet i Sørøst-Norge
- Studentutvalget (SUT) NMH – Norges musikkhøgskole
- Studentrådet – Kunsthøgskolen i Oslo

Universitet:

- Studentparlamentet – Studentorganisasjonen i Agder (STA)
- Studentparlamentet ved Universitetet i Bergen (SP-UIB)
- Studentparlamentet ved Universitetet i Oslo (Studentparlamentet ved UIO)
- Studenttinget NTNU

- Studentparlamentet HIOA (no Oslo Met)
- Studentparlamentet ved Nord Universitet
- Studenttinget MNBU (Norges miljø- og biovitenskapelige universitet)
- Studentparlamentet ved UiT
- Studentparlamentet – Studentorganisasjonen i Stavanger (StOr)

Sak 54 – 17/18: Strategiplan for Studenttinget 2018-2022

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Strategiplanen til Studenttinget i Volda fastset Studenttinget sine overordna mål, og går over ein fireårsperiode. Gjeldane strategiplan er for perioden 2014-2018, og det er tid for å vedta ein ny.

AU har arbeidd fram eit utkast til ny strategiplan (sjå vedlegg). I arbeidet har AU også vurdert at strategiplanen bør skifte namn til Prinsipprogram for Studenttinget i Volda. Grunngjevinga for dette er at dokumentet skal fastslå dei overordna prinsippa og hovudmåla for Studenttinget i Volda, medan prioriteringar og strategiar for å nå desse måla blir konkretisert i det årlege arbeidsprogrammet, samt i stillingsomtalane til arbeidsutvalet til Studenttinget.

Vedlegg 3: Utkast til ny strategiplan/nytt prinsipprogram for Studenttinget i Volda 2018-2022.

Forslag til vedtak:

1. Studenttinget vedtek framlagt forslag til nytt Prinsipprogram for perioden 2018-2022 for Studenttinget i Volda.
2. Redaksjonelle endringar i vedtektene til Studenttinget som følgje av namneskifte frå strategiplan til prinsipprogram, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte.

Sak 55 – 17/18: Årleg arbeidsprogram for Studenttinget 2018-2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

Det årlege arbeidsprogrammet til Studenttinget skal byggje på den overordna strategiplanen (Prinsipprogrammet), og tydeleggjere kva områder Studenttinget vil arbeide særleg med det komande året.

I fylgje vedtektene til Studenttinget skal det årlege arbeidsprogrammet vedtakast i Studenttinget ved nest siste studenttingsmøte i vårsemesteret:

> *§2-4 Arbeidsprogram*
> *Arbeidsprogrammet er retningslinjene for STiV sitt politiske arbeid for det komande studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår ved nest siste studenttingsmøte i vårsemesteret. Programmet kan reviderast yttarlegare ved behov.*

AU vurderer det slik at ei betre løysing vil vere å vedta årleg arbeidsprogram på første møtet i haustsemesteret. På denne måten får det nye AU vere med å utarbeide arbeidsprogrammet og setje sitt preg på arbeidet i studenttinget, i staden for at eit avtroppande AU og eit avtroppande studentting skal vedta arbeidsprogrammet. AU føreslår difor at saka vert utsett, og at ein på neste studenttingsmøte fremjar forslag om å stryke den delen som er understreka i utdraget frå vedtektene over, som går på å tidfeste når på året arbeidsprogrammet skal vedtakast.

Forslag til vedtak:

1. Saka vert utsett til haustsemesteret 2018.
2. Endringar i vedtektene til Studenttinget som fylgje av å leggje vedtak av årleg arbeidsprogram til hausten i staden for våren, vert lagt fram for godkjenning på neste studenttingsmøte.

Sak 56 – 17/18: Resolusjon – Utdanning er ikke en vare, men en rettighet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Simen Langeland

SAIH og NSO har ein kampanje gåande som rettar søkjelyset mot kvifor satsinga på høgare utanning i norsk utviklingspolitikk må styrkast. SAIH og NSO vil gjennom kampanjen åtvare mot at høgare utdanning blir ei vare, der berre dei rikaste har råd til å skaffe seg ei utdanning med god kvalitet.

I takt med betre tilgang på grunnskuleutdanning, aukar også talet studentar innanfor høgare utdanning globalt. Men mange land slit med å imøtekome behovet for høgare utdanning, og manglar ofte politisk vilje eller kapasitet til å finansiere høgare utdanning. Som konsekvens av dette, har ein større del av rekninga for utdanning blitt flytta over på den einskilde student, i form av drastisk auke i skulepengar i mange land. Når talet private aktørar aukar, og prisane for å kunne ta høgare utdanning stig, skaper det større sosiale ulikskapar, og gjer utdanning til eit gode kun for dei med ein god økonomisk bakgrunn.

SAIH og NSO er glade for at regjeringa prioriterer utdanningsbistand i utviklingspolitikken, men saknar eit heilskapleg fokus der høgare utdanning blir styrka og gjort tilgjengeleg for flest mogleg.

Med kampanjen vil SAIH og NSO videreformidle bekymring frå sine internasjonale samarbeidspartnarar, som i aukande grad melder at høgare utdanning blir promotert som ei vare – tilgjengeleg kun for dei som kan betale. SAIH og NSO ser på utviklinga med kommersialisering av utdanningsfeltet som ein farleg trend ein må ta alvorleg og sjå i ein større heilskap. Høgare utdanning skal vere ein rett og eit felles gode, ikkje ei vare.

I samband med kampanjen, oppmodar NSO alle lokallag til å vedta resolusjonen «Utdanning er ikke en vare, men en rettighet», samt å delta/spre kampanjen på sosiale medier.

Forslag til vedtak:
Studenttinget i Volda vedtek resolusjonen *Utdanning er ikke en vare, men en rettighet.*

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Resolusjon: Utdanning er ikke en vare, men en rettighet

Norge må bidra i arbeidet for en styrket offentlig finansiering av høyere utdanning globalt.

I dag er den høyere utdanningssektoren globalt kraftig underfinansiert. Noen steder er konsekvensen av dette høye studentavgifter og dårlige lånetilbud for studenter, som fører til at tilgang i større grad er basert på økonomisk bakgrunn hos den enkelte student. En annen utfordring er at manglende offentlig finansiering kan være en trussel mot fri forskning. Dette fordi høy midlertidighet gjør at forskere driver selv-sensur, i redsel for å miste jobben. I tillegg kan manglende finansiering gjøre at en større grad av forskningen nyttes til å løse oppgaver for næringslivet, gjennom betalt forskning. I seg selv er ikke betalt forskning problematisk, men vi trenger også grunnforskning for å løse sentrale og mer langsiktige samfunnsmessige utfordringer.

I dag er grunnskoleutdanning en av Norges hovedprioriteringer innen utviklingspolitikken, med et spesielt fokus på jenters tilgang til skolegang. Høyere utdanning er derimot tilegnet få ressurser og gitt lite oppmerksomhet. Samtidig vet vi at høyere utdanning og forskning har stor betydning for å sikre et lands evne til egen utvikling. Hvert eneste ett av de 17 bærekraftsmålene har også en indikator som er relatert til eller avhengig av utdanning eller forskning. Ikke minst trengs flere utdannede lærere for å oppnå målet om grunnskole for alle verdens barn.

Studenttinget i Volda mener at norske myndigheter må se utdanningsløpet i et mer helhetlig perspektiv og satse i større grad på høyere utdanning i norsk utviklingspolitikk. Dette som et ledd i å fremme akademisk frihet og lik tilgang på høyere utdanning uavhengig av økonomisk bakgrunn globalt.

Vi mener at:

- Utdanning ikke burde være en vare, men en rettighet
- Regjeringen skal gi økt fokus på høyere utdanning som utviklingspolitisk middel
- 15% av norsk bistand skal øremerkes utdanning innen 2020
- Satsningen på utviklingstiltak knyttet til høyere utdanning som Norge allerede er involvert burde økes. Dette gjelder tiltak som for eksempel NORHED, NORPART og NORGLOBAL II

Studenttinget i Volda vil oppfordre studentdemokratier ved andre høgskoler og universitet til å bidra i arbeidet for å øke fokus på høyere utdanning i norsk utviklingspolitikk.

Education is not a commodity, but a right

Norway must contribute to the efforts to strengthen public financing of higher education globally**.**

The higher education sector globally is currently heavily underfinanced. Some places this results in high student fees and unsatisfying loan schemes for students. In turn this contributes to making access to quality higher education limited to the most privileged. Another challenge is that lack of public funding can be a threat to free research. This is because a high degree of temporary positions for researchers promotes self-censorship, in fear of losing their jobs. In addition, inadequate funding may mean that a greater amount of research is used to solve tasks for cooperations, through contractual research. In itself, contractual research is not problematic, but we also need basic research to solve important and long-term societal challenges.

Today, primary education is one of Norway's main priorities within development policy, with a special focus on girls' access to basic schooling. Higher education, on the other hand, is allocated few resources and given little attention. However, we know that higher education and research are important for securing a country's ability to develop. Each and every one of the 17 sustainability goals has an indicator that is dependent on education or research. Not least, educated teachers are required to achieve the goal of primary school for all the children of the world.

The Student Parliament at Volda University College believe that the Norwegian government must see education in a more holistic perspective and invest more in higher education within Norwegian development policy. This as part of promoting academic freedom and equal access to higher education regardless of socioeconomical background globally.

We believe:

- Education should not be an commodity, but a right
- The government should give increased focus to higher education as a tool for development
- 15% of Norwegian aid should be earmarked education by 2020
- The development initiatives related to higher education where Norway is already involved should be given increased funding. This applies to programs such as NORHED, NORPART and NORGLOBAL II

The Student Parliament at Volda University College will also urge other university boards to contribute to increase focus on higher education in Norwegian development policy.

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Sak 57 – 17/18: Eventuelt

Type sak:

Sakshandsamar:

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Møtekritikk

Type sak: Unnateke journalføring

Sakshandsamar: Oda Næs Skoglund

Etter formell møteslutt tek vi ei runde der Studenttinget kan kome med konstruktiv kritikk og tilbakemeldingar til AU når det gjeld korleis møta blir lagt opp, sakspapir, agenda og gjennomføring av møta m.m. Slik blir møta betre, og AU og Studenttinget har heile tida dialog om korleis ein ynskjer møta.

Studenttingsmøter 2017-18

Sakspapir nr 6/17-18

Møtedato 21.03.18

Oversikt over vedlegg

Sak 49 – 17/18: Vedlegg 1 – Referat frå studenttingsmøte 28. februar 2018

Sak 51 – 17/18: Vedlegg 2 – Gjeldande vedtekter for Pris for internasjonalisering og forslag til reviderte vedtekter

Sak 54 – 17/18: Vedlegg 3 – Utkast til nytt prinsipprogram for Studenttinget i Volda 2018-2022

Vedlegga ligg ved som separate dokument. Møtereferat blir ikkje trykt på papir.